

## Vedtekter for Hadeland dialekt- og mållag

– sist revidert av Årsmøtet 12.02.2018

### § 1

Hadeland dialekt- og mållag har til føremål:

- a) å gjere oss stolte av dialekta vår.
- b) å samla målfolk på Hadeland til aktivt arbeid for ei reell likestilling av dei to målformene våre på alle område, med spesielt fokus på det nynorske målet.
- c) å auka kunnskapen om og vørnaden for nynorsken, dialektane våre generelt og hadelandsmålet spesielt.

### § 2

Hadeland dialekt- og mållag skal vera innmeldt i Noregs Mållag gjennom fylkesmållaget Austmannalaget, med dei rettar og pliktar eit lokalt mållag har.

### § 3

Arbeidsåret følgjer kalenderåret. Laget held årsmøte innan utgangen av februar, kunngjort minst to veker på førehand. Omfram årsmøte vert halde dersom styret vedtek det eller minst ¼ av lagsflokket krev det.

Signatur: To styremedlemmer i fellesskap.

Prokura: Kasserar og leiar kvar for seg.

### § 4

Årsmøtet godkjenner årsmelding og rekneskap, fastset årspengane og vedtek arbeidsprogram. Røysterett på årsmøtet har dei som har betalt årspengar for året som var.

### § 5

Årsmøtet vel eit styre med frå tre til fem medlemmer og minst ein vara.

- a) leiar ved særskilt val kvart år,
- b) nestleiar, skrivar, kassastyrar (og eventuelt ein styremedlem) med ein - tre varafolk. Styremedlemene vert valde for to år om gongen, og halvparten står på val kvart år, første gongen etter lutkast. Varafolk vert valde for eitt år om gongen.
- c) ettersynsman/-kvinne for rekneskapen vert vald for eit år om gongen,
- d) valnemnd på to medlemmer etter framlegg frå styret. Ein medlem skal veljast for to år, første gongen skal den andre medlemmen veljast for eitt år.
- e) utsendingar til årsmøtet i fylkeslaget og landsmøtet i Noregs Mållag.

### § 6

Styret står for det daglege arbeidet mellom årsmøta. Styret er vedtaksført når det er innkalla på vanleg måte og minst tre styremedlemmer eller varafolk møter, mellom dei leiar eller nestleiar. Dersom fire styremedlemmer møter, har leiaren dobbeltstemme ved jamt stemmetal.

### § 7

Laget er å rekne som nedlagt når det kjem ned i eit medlemstal på under 10.

Fylkeslaget kan dessutan rekne laget som nedlagt dersom det 3 år på rad ikkje vert halde årsmøte og sendt årsmelding.

## § 8

Dersom laget vert nedlagt, skal styret i fylkeslaget ta hand om møtebøker og anna eige. Dersom nytt lag vert skipa og tilmeldt Noregs Mållag innan 5 år etter nedlegginga, skal eiga gå attende til det nye laget. Går det lenger tid, eig fylkeslaget det som er.

## § 9

Framlegg til endring i vedtektene må vera kjent for medlemene minst to veker før årsmøtet. Dersom eit framlegg til endring av §§ 3-8 får 2/3 fleirtal, er det vedteke. For å endre §§ 1, 2 og 9 krevst samrøystes vedtak.